
Søklar

Opplysningar om institusjonen

Kommunenamn	Voss kommune
Institusjonsnamn	Voss bibliotek
Postadresse	Evangervegen 6
Postnummer	5704
Poststad	Voss
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Kirsten Eitrheim
Etternamn	Aga
Telefon	48 195 513
E-post	bibliotek@voss.herad.no

Sluttrapport

Tittel på tiltaket	Lesarsørvis – eit felles språk for å strukturera og profesjonalisera rolla vår som formidlarar
Tildelt beløp	75 000
Antall tildelingsår	1-årig
Tidsperiode	2023, 2024

Mål for tiltaket

Dei siste åra har Lesersørvis som formidlingsmetode blitt omsett frå engelsk og tilpassa norske høve. Me ynskjer gjennom eit halvår å lære alle tilsette i biblioteka i Voss å bruke denne metoden til formidling. Eit tydeleg mål er at me gjennom å ta i bruk metoden for å strukturera og profesjonalisera rolla vår som formidlarar.

Konkrete mål i prosjektet:

- Auka tal på formidlingstiltak. Hentar tal frå eiga statistikkføring.
- Auka tal på låningar. Hentar ut tal frå biblioteksystem, samanliknar med same periode føregåande år.
- Auka tal på utlån av bøker/ medier me formidler. Måler dette med å hente ut statistikk frå biblioteksystemet.

Rapport

Rapport for gjennomføring av prosjektet: Lesersørvis - eit felles språk for å struktura og profesjonalisera rolla vår som aktive formidlarar

1. Bakgrunn og målsetting

Voss bibliotek hadde som mål å vere nytenkande i aktiv litteraturformidling gjennom å ta i bruk metoden Lesersørvis. Denne metoden, som gir eit felles språk og begrepsapparat for formidling, skulle implementerast i biblioteket sitt arbeid for å betre nå ut til eit breiare publikum. Prosjektet vart forankra i både Kulturplan for Voss kommune 2015–2025 og den nasjonale bibliotekstrategien, kor måla om aktiv formidling, auka leselyst og styrking av biblioteka som folkeopplysningsinstitusjonar sto sentralt.

2. Gjennomføring av prosjektet

2.1 Kompetanseutvikling

Alle ansatte ved Voss bibliotek deltok i opplæring i Lesersørvis-metoden over ein periode på 12 uker. Gjennom workshops, kurs og diskusjoner ble metoden tilpassa dei lokale forholda på Voss. Dette skapte ei felles forståing for korleis metoden kunne brukast i både fysisk og digital formidling.

2.2 Formidlingstiltak

- En-til-en formidling: Ansatte brukte Lesersørvis til å gi meir skreddersydde anbefalingar basert på brukarane sine preferanser.
- Formidling til grupper: Metoden ble brukt aktivt i møte med barnehagebarn, skoleklasser og andre grupper. Formidlingen ble strukturert rundt appellfaktorer som tema, tone og fortellermåte.
- Digital formidling: Lesersørvis-metodikken ble implementert i biblioteket si nettside, sosiale medier og podkast. Spesielt podkasten fikk ein tydeligare struktur, med fokus på å presentere bøker på ein måte som fremjar leselyst.

2.3 Ressursbruk og organisering

For å gi ansatte tid til å arbeide med utvikling og opplæring, byrja arbeidsdagen 15 min før på måndagar, og me satte av ein time kvar måndag til prosjektet. Me hadde også to arbeidsdagar som vart satt av til å jobbe med prosjektet. Dette frigjorde ressurser til grundig kompetanseutvikling og samarbeid.

3. Resultater

3.1 Betra formidlingskompetanse

Dei ansatte opplevde auka tryggleik og struktur i si formidling. Lesersørvis-metoden gav eit felles rammeverk som styrka profesjonaliteten i arbeidet, og eit felles språk som alle dei tilsette forsto og kunne nytte seg av.

3.2 Auka rekkevidde og mangfald

Biblioteket opplevde auke i antal formidlingstiltak i biblioteket frå 139 i 2022 til 162 i 2023. Me hadde 3728 lånarar (personar/institusjonar) i 2022 og 3721 i 2023. Utlånet vårt auka med 64 795 fyrstegangslån (fysiske bøker og E-bøker) i 2022 til 67 637 i 2023. Her ser me at sjølv om arbeidet med Lesersørvis ikkje nødvendigvis har ført med seg fleire lånarar, så ser me at både arrangementa og antal utlån aukar.

Statistikken for 2024 er ikkje heilt klar per dags dato men eg føler meg ganske sikker på at me vil sjå ein auke i året som har gått og.

3.3 Brukertilfredsheit / Nøgde brukarar

Me opplever at brukarane opplever at anbefalingane er meir relevante og inspirerande enn tidligare. Me opplever større interaksjon med lånarane i sosiale medier, og har fått svært gode tilbakemeldingar på bokanbefalingane i lokalavisa. Mange lånarar har kome direkte til oss og vil låne anbefalte bøker etter å ha lest om dei i avisa eller på heimesida eller sosiale medier

4. Utfordringar og læringspunkter

- Tidsbruk: Me opplever at Lesersørvis er noko ein må arbeide kontinuerlig med for å halde begrepa og sjargongen ved like. Det var viktig å ha satt av tid til å jobbe med dette direkte i starten, og me skulle gjerne hatt meir tid til dette etter at den perioden var over.
- Utettervend: Me måtte endre litt på formen i det utettervende arbeidet, grunna utskiftingar og periodevis manglane personale i biblioteket. Her har fokuset vore retta meir mot formidling i skule, og me har hatt fleire besøk ut mot skulane i staden for arbeidsplassar.

5. Konklusjon

Prosjektet med å implementera Lesersørvis ved Voss bibliotek har vore vellukka og har bidratt til å styrke biblioteket si rolle som formidlar og folkeopplysningsinstitusjon. Kompetansen som er bygd opp, og erfaringane som er gjort, gir eit solid grunnlag for å videreføre og utvikle arbeidet med aktiv formidling.

6. Veggen vidare

Biblioteket vil fortsetje å bruke Lesersørvis-metoden som ein integrert del av vårt arbeid. Vidare planar inkluderer å utforske flere digitale plattformer for formidling og utvide samarbeidet med lokale aktører for å nå endå flere brukere.

7. Takk

Prosjektet vart mogeleg gjennom støtte fra Bibliotekutvikling, og vi takkar veldig for denne anledninga til å fordjupe oss i Lesersørvis.

Voss bibliotek, januar 2025

Rekneskap

- [Rekneskap for prosjektet Lesersørvis med signatur.pdf](#)

Vedlegg
